Førsteblad

1.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 5.

Fylke: Sogn & Fjordane

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Jölster

Emne: Vassbering

Bygdelag: Stardalen

Oppskr. av: Sverre Myklebust

Gard: Befring

(adresse): Viteberg

G.nr. 23 Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. ja.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Ein har nytta og nyttar enno vassele. (I Nordfjord kallast det lauskje börtre). Ein bar 2 bötter i gongen Tre-bötter med trekjölpe til handtak. Den eldste vasselen hadde viar med trekrok til bere i. So gjekk ein over til jarnlekkjer og jarnkroke og med ein krok til å lengje (korte) vasselen. Trebötter nyttar ein enno, der ein har att lagga kjerald på gardane. Men alt för 1914 brukte ein og jarbötter.

2. Vasså ell. vasstrokke kjenner vi namn på, men ikkje til å bere i. Baljar med avlang form og 2 öyre lagar sume enno av tre. Men dei egnar seg ille til å bere i, om ein no har ei stong gjennom öyra, for det vil skvample over

3. Ein dreg vatnet på kjelke i jarnspann og stampar (bötter) o.l., gjerne på ski om det fell seg, no.

4. Kvinnfolk og born ber og dreg vatn i karane köyrer i vasslöype

5. Dei fleste har no vassleidning, men småbruk og husmannsplassar ligg etter

6-7. Vasspring i fjösa kr. 1890 sume. I kjökenet 1905 og utover (Myklebust). 1930 åra kom drikkekjer i fjösa.

2581

# Våsselar:

1. Gamal type, i bruk på Befringsplassen idag




a) tappen er breid og flattklemd for hol åt via. Trekrok av eine

b) Holet er utvida til sida for breid tapp

c) Trekrok og vie.

2. Vassele frå Heggheim for viar, eller tog



Med rund tapp

3. Vanleg vassele no med jarnband (gjerne Kyraband) jarnkrok



4. Vassele m. Krok til regulering



5. Bytter av stavar (Lagga)






Kjølpe av tre

2581
ORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Førsteblad



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 5 — Fylke: Sogn & Fj.

Tilleggsspørsmålnr. — Herad: Jølster

Emne: Vassbering — Bygdelag: Stardalen

Oppskr. av: Sv. Myklebust — Gard: Befring

(adresse): Viteberg — G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Eirik Befring, bonde, 92 år

SVAR

Når eg skreiv om ski til vassdraging, er det mynta på aller siste tida, då ein gjerne nytta altslag. Elles ser det ut til at ein bruka ski under sloane når ein drog høy i laus snø. Eg har sett ski med hol i tuppen, eller det var gjerne eitt hakk i for snøret, som skulle halde skituppane opp framfor sloen. A.V. vore med

Molko eg ikkje har nemnt. Når dei køyrde vatn i stor vasstøyse, bruka ein gjerne såar, vasstrokk au, og då kvalde ein bøtta ein auske med oppi so det ikkje skulle skvample so. Elles var det noks sett med ein aske, vanleg. — Dei er nytje vidare. Dei bruka au ein botne.



4
På Muren Veiteberg hadde
dei 2 slag bøtter til vassberinga.
Tvo større når dei laut bere
langt (for drengene), og tvo
mindre for vanleg bering
av husmora, borna og ternene

På Grepstad i Stordalen,
lang vatsveg, skar dei av
tunnene og sette kjølpar i
halvtunnene og bar.

Kolbein-Anders Veiteberg 75 år
seier at han var med og drog
høy på ski i bakkemarka.
Dei batt skiene opp med
snøre, som dei feste oppi sloen
Når vi nemner ski, so fortalde
Eirik Hjelmbrekke, Vassenden
at dei hadde finne ski
der som hadde vore stifta rundt
om som dei skulle vore skinn=
kledde (finneski). Elles nemner
han at der nede kalla dei
rendle (til å dra høy på) for
tengle. Å tengla høy eller
rendle da som vi seier.
Tengle sa dei visst au på
Myklebust (Sørsida: Knut P. Myklebust
84 år no)

2983
NORSK [illegible]
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY